

Takkar for all hjelp

02.02.2009



Huset på Ljosnes er totalskada, opplyser eigaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Elin Legland, som saman med familien sin vart ramma av brannen på Ljosnes laurdag kveld, er i eit intervju med Haugesunds Avis full av lovord om familie, naboar og brannvesen som kom raskt til staden.**

**Ho er veldig forskrekka men samstundes takksam for at korkje menneske eller dyr kom til skade i brannen.**

**- Takk og pris for at det var stille ver, seier Elin og tenkjer på spredningsfaren. Ikkje langt unna ligg driftsbygningen med husdyr.**

- Brannvesenet var her innan to minuttar. Eg er så imponert over innsatsen deira. Alt fungerte som det skulle, seier Elin i intervjuet som profilerar henne som senterpartipolitikar.



Elin Legland og familien hennar vart ramma av brannen på Ljosnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den 15 år gamle dottera var åleine heime og oppdaga at det tok til å brenna nær badet. Ho kom seg ut og fekk varsla brannvesenet og familie i nabohuset.

- Eg har ei venninne som er branningeniør. Ho har alltid sagt at det er skummelt med born og brann fordi dei ofte vil prøva å sløkkja sjølve i staden for å varsle. Difor har eg prenta dei inn frå dei var små at dei må koma seg ut og seia frå. Det hadde tydelegvis dotter vår lært, skryt mora.

Samstundes understrekar ho at opplevinga var spesielt sjokkerande for 15-åringen. Det var også sjokkerende for resten av familien, som var i Bergen då dei fekk telefon om at huset på Ljosnes brann. Kommunikasjonane er slike at dei ikkje kunne koma seg heim før sundag morgen. Dei huslause bur mellombels hos familie.

Elin opplyser til avisat at huset er totalskadd. Måndag har takstfolk frå forsikringsselskapet vore på Ljosnes. og også etterforskinga rundt brannårsaka har starta. Den vil truleg visa om det var ein elektrisk feil eller noko anna som utløyste brannen.

Av Ola Matti Mathisen